

Årsmøte i Nordfjord Golfklubb 25.01.2008

Årsmøtet vart halde på Stokkenes Gjestegard, fredag 25.januar 2008 med i underkant av 20 frammøtte. Frå styret møtte; Kent Tryggestad, Bodil Rasmussen, Knut Rønnestad, Helge Haugland, Dagfinn Gjerde, Gitta sas ter Stege, Svein Fjørtoft, Sonja Borhaug og Elias Nes. Årsmøtedeltakarane vart ynskte velkomen av styreformann Kent Tryggestad.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
2. Val av møteleiar, referent og 2 medlemar til å skrive under protokollen.
3. Styret si årsmelding.
4. Rekneskap og budsjett.
5. Arbeidsplan for 2008.
6. Regulering av: kontingent, greenfee årskort og baneandelar.
7. Fullmakt til låneopptak.
8. Val av leiar.
9. Val av styremedlemar, varamedlemar og komitémedlemar.
10. Eventuelt.

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Innkalling til årsmøte vart annonsert i Fjordabladet, og sakliste vart lagt ut på nettsidene til Nordfjord Golfklubb.

Vedtak:

Årsmøte gjorde samrøystes vedtak om at sak nr 7, «Fullmakt til låneopptak» ikkje var aktuell og dermed ikkje naudsyn å handsame. Årsmøtet godkjende innkalling og dagsorden.

2. Val av møteleiar, referent og 2 medlemar til å skrive under protokollen.

Vedtak:

Årsmøtet valde samrøystes:



Møteleiar: Øystein Nesse
Referent: Knut Rønnestad
Protokollunderskriving: Helge Haugland
og Arild Hjelmeland

3. Styret si årsmelding.

Møteleiar las styret si årsmelding

Vedtak:

Årsmeldinga vart samrøystes godkjend.

4. Rekneskap og budsjett.

Kasserar Helge Haugland presenterte rekneskap 2007. Årsmøtedeltakarane hadde ingen merknader til rekneskapet. Det vart budsjettert med 0- budsjett for 2008.

Vedtak:

Rekneskap og budsjett for 2007 vart samrøystes godkjend.

Rekneskap 2007:

Budsjett 2008:

5. Arbeidsplan for 2008.

Leiar i banekomiteen Dagfinn Gjerde sitt avsnitt i årsmeldinga om arbeidsplan for 2007 vart diskutert.

Vedtak:

Årsmøtet poengterer at dressing av greenar skal ha fyrste prioritet. Elles vart arbeidsplanen for 2007 samrøystes godkjend.

6. Regulering av: kontingent, greenfee årskort og baneandelar.

Styret la fram forslag om at årsmøtet gjorde vedtak om auke i medlemskontingent. Årsmøtet sa seg samde i styret sitt forslag, men ønskte å la medlemskontingent for junior og born stå urørde.

Vedtak:

Medlemskontingent 2008:

| | | |
|---------|-----|--------|
| Vaksne: | kr. | 850,- |
| Par: | kr. | 1500,- |
| Junior: | kr. | 500,- |
| Born: | kr. | 100,- |

Årsmøtet vedtok samrøystes å halde avgift for greenfee- årskort uendra

Greenfee- årskort 2008:

| | | |
|---------|-----|--------|
| Vaksne: | kr. | 1500,- |
| Par: | kr. | 2500,- |
| Junior: | kr. | 500,- |
| Barn: | kr. | 100,- |

Årsmøtet vedtok også å halde greenfee- avgifta uendra.

Greenfee 2007:

| | | |
|---------|-----|-------|
| Vaksne: | kr. | 200,- |
| Born: | kr. | 50,- |

Årsmøtedeltakarane diskuterte kva konsekvensar auken i medlemskontingenten vil få for stor- familiar. Årsmøte gjorde vedtak om at dagleg leiar får løyve til å lage til spesialtilbod der det trengs.

Justering av baneandelar vart handsama under årsmøtet til Stokkenes Golfpark BA.

7. Fullmakt til låneopptak.

Årsmøte gjorde vedtak om at nytt låneopptak ikkje er aktuelt i 2008.

8. Val av leiar.

Vedtak:

Årsmøtet gjorde samrøystes vedtak om attval av Kent Tryggestad.

9. Val av styremedlemar og 2 varamedlemar og komitérepresentantar.

Vedtak:

Styret med vararepresentantar og komitémedlemar vart samrøystes valde slik det går fram av valprotokoll 2008:

Valprotokoll 2008

| Gruppe | Verv | 2007 | på val |
|------------------------------|--------------------------|-----------------------------------|--------|
| Styre | Leiar | Kent R. Tryggestad | 2009 |
| | Nestleiar | Bodil Rasmussen | 2010 |
| | Sekretær | Knut Rønnestad | 2009 |
| | Kasserar | Helge Haugland | 2009 |
| | Styremedlem | Trond Kroken | 2010 |
| | Styremedlem | Agnar Kvalsund | 2010 |
| | Vara | Sonja Borhaug | 2010 |
| | Grunneigar Grunneigar | Svein Fjørtoft Gitta ter Stege | - - |
| Grøntkort/ Handikapkomité | Leiar | Dagfinn Gjerde | 2009 |
| | | Knut Rønnestad | 2009 |
| | | Kent R. Tryggestad | 2009 |
| Marknadsgruppe | Leiar | Trond Kroken | 2010 |
| | | Bjørn Lien | 2009 |
| | | Gunnar Olsen | 2010 |
| Banekomité | | Per Bøen | 2009 |
| | | John Matias Garlid | 2010 |
| | | Agnar Kvalsund | 2010 |
| | | Ivar Bjarte Nord | 2010 |
| | | Tore Naustdal | 2010 |
| | | Svein Fjørtoft | - |
| | | Gitta ter Stege | - |
| Sportskomité | Leiar | Gitta ter Stege | 2010 |
| | | Knut Rønnestad | 2009 |
| | | Jan Skogstad | 2009 |
| | | Agnar Kvalsund | 2009 |
| Damegruppe | Leiar | Bodil Rasmussen | 2010 |
| | | Kari Bergheim | 2010 |
| | | Cindi Rasmussen | 2010 |
| | | Torill Fjørtoft | 2010 |
| | | Gitta sas ter Stege | 2009 |
| Idrettsrådet | vara | Torill Fjørtoft | 2010 |
| | | Arild Hjelmeland | 2010 |

| | | | |
|--------------|-------|-------------------------------------|--------------|
| Skulekontakt | | Peder Felde | 2010 |
| Valnemnd | Leiar | Per Jan Nesbakk Arild Hjelmeland | 2009 2009 |

10. Eventuelt.

Styret hadde ikkje fått inn saker under eventuelt før årsmøtet, men følgjande saker vart tatt opp under eventuelt:

- 1) Årsmøtet vedtok at styret sender ut møteprotokoll til alle i styret, også vararepresentantane.
- 2) Årsmøtet meiner at styret bør prioritere høgt arbeide med å finne nokon som kan ta ansvaret for vedlikehald av maskiner og utstyr.
- 3) Agnar Kvalsund informerte årsmøtet om at han har søkt, og fått midlar til prosjekt «Psykiatri og Golf».

Nordfjordeid, / -2008

Nordfjordeid, / -2008

.....
Helge Haugland

.....
Arild Hjelmeland